

Årsmøte 07.02.06 Høgskulen i Volda

Møtte: Nina Sporstøl, Liv Jorunn Nyhagen, Ingvild R. Hansen, Ann Maria Nydal, Annika Brandal, Stine Risahagen, Lena Mari Heltne, Janita Sporstøl, Elna K. Berg, Rigmor Hoggen og Edle Holmin.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjent

Sak 2: Val av møteleiar og referent
Møteleiar: Nina Sporstøl
Referent: Liv Jorunn Nyhagen

Sak 3: Godkjenning av årsmelding og rekneskap
Årsmelding: Godkjent (var òg trykt i "Hesteskoen" nr. 1-06)
Rekneskap: Godkjent, med noko manglande dokumentasjon. Annika ordnar dette.
01.01.05: 19 897,-
31.12.05: 53 497,-
Klubben hadde altså ei inntekt på 36 515,- i 2005.

Sak 4: Val av styre og grupper
Forslag: Ingvild, Janita, Liv Jorunn, Stine, Ann Maria, Annika og Elna. Styret skal bestå av 5 hovudmedlemmar og ein vara. Stine ville ut av styret. Styret konstituerer seg sjølv på fyrste styremøtet

Avisgr: Liv Jorunn, Elna, Ingvild, Annika og Janita.
Banegr: Nina, Liv Jorunn (Per Ove, Ingvild)
Aktivitetsgr: Rigmor, Tonje, Ann Maria, Annika, Liv Jorunn og Ingvild
Juniorgr: Blir lagt inn under aktivitetsgr. Einstemmig vedtatt.

Sak 5: Kontingent og baneleige
Forslag til ny kontingent: I 2005 var kontingenten 200/300,- Styret ynskjer å auke kontingenten med kr. 50,- slik at klubben får litt inntekter på sine medlemmar. Slik det var i 2005 hadde klubben eit par kroner til overs når utgifter til "Hestesport", trykking av "Hesteskoen", utsending av brev og innbetaling til kretsen var gjort. Einstemmig vedtatt.
Baneleige blir uendra.

Sak 6: Eventuelt

- a) Liv Jorunn informerte om grønt kort
- b) VRK er 10 år no i 2006. Vi må prøve å få til ei slags jubileumsfeiring. Vi kan lage veggavis, video, sommarshow og ha jubileumsdel på heimesida etc. Edle, Elna, Janita, Liv Jorunn og Ann Maria danna ein jubileumskomitè. Janita kallar inn til fyrste møtet.
- c) Lys på "Solvollen". Nina informerte. Lysa kjem opp om 2-3 veker. 2 lyskastarar på kvar stolpe, med moglegheit for å kunne henge opp fleire.
- d) Utviding av bana / nytt hindermateriell: Nina informerte. Kjøp av hindermateriell fyrst. Ca. 7-8 000,- i nytt materiell vil hjelpe godt på. Då får vi ca dobbelt så mange hinder som før. Rigmor foreslo at vi burde ha eit toalett ved bana, dette kan styret sjå på seinare.
- e) Klubben har fått tak i ei rimeleg brakke i grei stand. Noverande eigar er Trialklubben i Volda/Ørsta. Brakka blir levert i løpet av våren, og det må påreknast noko

dugnadsinnsats i å plassere, male og rydde den. Brakka har innlagt stråum, så vi kan ha til dømes varmeovn og lys i taket. Der er òg rikelig med plass til både sekretariat og kiosksal, og vi kan ha til dømes ovn, tekokar og minikjøleskap der.

Nina Sporstøl
(sign)